



OFFENTLEG MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	29.01.2014
Kl.	10.55 – 14.00

Faste medlemmer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Jenny Følling, Sp
Anders Ryssdal, Sp
Karen Marie Hjelmeseter, Sp
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogsæter, V
Trude Brosvik, KrF

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet vedtok at sak nr. 5/14 og 6/14 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31.

Møtebok frå 09.12.13 og 11. 12.13 vart godkjend utan merknader.

Fylkesutvalet vedtok at møte i fylkestinget 10. april 2014 og møte i fylkesutvalet 9. april 2014 går ut.

Fylkesutvalet vedtok også at møte i finansutvalet og fylkesutvalet 26. mars 2014 vert flytta til 2. april 2014.

Fylkesutvalet fann Jenny Følling, Frank Willy Djuvik og Åshild Kjelsnes som habile til å delta ved handsaming av sak 5/14.

Fylkesrådmannen orienterte om:

- søknad frå Singerheimen
- innsparingstiltak i sentraladministrasjonen
- refusjon meirverdiavgift på vegprosjekt
- fylkes-KOSTRA

SAK 1/14 Skriv og meldingar fylkesutvalet 29. januar 2014

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

- 1a: Informasjon frå Arbeidsgruppe for Fylkeskommunale arbeidsoppgåver i ein modernisert kommunestruktur – nr 1
- 1b: Vedlegg til informasjon frå arbeidsgruppa NR.1. 2013
- 2: Informasjon frå Arbeidsgruppe for fylkeskommunale arbeidsoppgåver i ein modernisert kommunestruktur – nr 2
- 3: Eigarutsendingar til «vår møte» i fylkesutvalet 26. mars 2014
Vedtak:
Notatet vert oversendt til arbeidsgruppa som vert oppnemnd, jfr. nr. 7 nedanfor
- 4: Tariff 2014 - KS Strategikonferanse «Tid for endring»
- 5: Oppfølging av vedtak om internasjonal strategi, FT-sak 32/13, punkt 6
- 6: Frå Noregs Mållag 20.01.14: Ros til Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 7: Notat om gjennomgang av fylkeskommunen sine eigarstrategiar
Vedtak:
Fylkesutvalet syner til punkt 5 i FT sak 37/13. Fylkesutvalet nemner opp gruppeleiarane som medlemmer av ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa skal gå gjennom fylkeskommunen sine eigarstrategi og førebu ei sak til fylkestinget i juni 2014.
Arbeidsgruppa skal også vurdere notat av 20.01.2014 frå fylkesrådmannen, jfr. nr. 3 i fylkesutvalssak nr. 1/14 og gje si vurdering til fylkesutvalet sitt møte i februar 2014.
Fylkesrådmannen stiller til rådvelde sekretariatshjelp for arbeidsgruppa.

SAK 2/14 Høyring - Ferjerute Vangsnes - Hella - Dragsvik og Mannheller - Fodnes ved neste kontraktsperiode

Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Fylkeskommunen ber om at ein ikkje gjer seg nytte av opsjonen.
- 2 Fylkesrådmannen sitt framlegg til rutetabell for 3-ferjeløysinga på sambandet Vangsnes - Hella - Dragsvik bør leggest til grunn ved anbudsutlysinga. Jf. saksframstillinga.
- 3 Dersom det vert 3-ferjeløysing heile året, bør det fråvikast stiv rutetabell frå Dragsvik til Hella med avgangstid kl. 10.25 og kl. 13.25 frå Dragsvik.
- 4 Statens vegvesen må utarbeide ny rutetabell for Mannheller - Fodnes der det vert teke omsyn til at det vert bygd ny liggekai på Mannheller.
- 5 Ny liggekai på Mannheller må ferdigstillast i 2015 slik at den vert ferdig til anbudskontrakt med nye rutetider frå 2016.

- 6 Dersom det vert endra avgangstid frå Fodnes til kl.21.30, må avgangen frå Hella endrast til kl. 23.00.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

- 1 Fylkeskommunen ber om at ein ikkje gjer seg nytte av opsjonen.
- 2 Fylkesrådmannen sitt framlegg til rutetabell for 3-ferjeløysinga på sambandet Vangsnes - Hella - Dragsvik må leggest til grunn ved anbudsutlysinga. Jf. saksframstillinga.
- 3 Med 3-ferjeløysing heile året, bør det vurderast å fråvike stiv rutetabell frå Dragsvik til Hella med avgangstid kl. 10.25 og kl. 13.25 frå Dragsvik. Slike fråvik vil vere naudsynte for å sikre korrespondanse med annan offentleg kommunikasjon.
- 4 Statens vegvesen må utarbeide ny rutetabell for Mannheller - Fodnes der det vert teke omsyn til at det vert bygd ny liggekai på Mannheller. Det bør vera 20-minuttsavgangar frå 0700 på dette sambandet.
- 5 Ny liggekai på Mannheller må ferdigstillast i 2015 slik at den vert ferdig til anbudskontrakt med nye rutetider.
- 6 Dersom det vert endra avgangstid frå Fodnes til kl.21.30, må avgangen frå Hella endrast til kl. 23.00.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå hovudutval for samferdsle kom ikkje opp til avrøysting.

Vedtak:

- 1 Fylkeskommunen ber om at ein ikkje gjer seg nytte av opsjonen.
- 2 Fylkesrådmannen sitt framlegg til rutetabell for 3-ferjeløysinga på sambandet Vangsnes - Hella - Dragsvik må leggest til grunn ved anbudsutlysinga. Jf. saksframstillinga.
- 3 Med 3-ferjeløysing heile året, bør det vurderast å fråvike stiv rutetabell frå Dragsvik til Hella med avgangstid kl. 10.25 og kl. 13.25 frå Dragsvik. Slike fråvik vil vere naudsynte for å sikre korrespondanse med annan offentleg kommunikasjon.
- 4 Statens vegvesen må utarbeide ny rutetabell for Mannheller - Fodnes der det vert teke omsyn til at det vert bygd ny liggekai på Mannheller. Det bør vera 20-minuttsavgangar frå 0700 på dette sambandet.
- 5 Ny liggekai på Mannheller må ferdigstillast i 2015 slik at den vert ferdig til anbudskontrakt med nye rutetider.
- 6 Dersom det vert endra avgangstid frå Fodnes til kl.21.30, må avgangen frå Hella endrast til kl. 23.00.

SAK 3/14

Førdepakken bomselskap AS - framlegg til styremedlem

VEDTAK:

Fylkesutvalet gjer slikt framlegg om val til styret for Førdepakken bompengeselskap AS:

Representant: Nils P. Støyva

Vararepresentant: Anita Nybø

SAK 4/14 Høyringsfråsegn til Brannstudien

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt prinsipielle syn er at regjeringa bør vurdere organiseringa av brann- og redningstenesta som ein del av arbeidet med ei ev. kommunereform.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner brann- og redningstenesta framleis bør vere ei kommunal teneste.
3. I det tilfelle at regjeringa vil følgje opp føreliggjande Brannstudie gjev fylkesutvalet fylkesordføraren fullmakt til å vere med på ei høyringsfråsegn saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner brann- og redningstenesta framleis skal vere ei kommunal teneste, og kommunane sine uttalar må tilleggast avgjerande vekt i det vidare arbeidet med Brannstudien.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt prinsipielle syn er at regjeringa bør vurdere organiseringa av brann- og redningstenesta som ein del av arbeidet med ei ev. kommunereform.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid; prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Det er også i for liten grad tatt omsyn til korleis ein skal halde oppe og vidareutvikle det gode samarbeidet med frivillige. Hendingar den siste tida har vist at i eit spreiddbygd samfunn, så er samarbeidet med lokale og frivillige avgjerande.
4. Det må leggjast til rette for god samhandling med andre nødetatar og alle bør ha fast responstid. I dag kjem brann- og redningstenesta ofte først til staden i samband med trafikkulukker og andre hendingar, dette vert opplevd som svært krevjande. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner difor at det heilt nødvendig å sjå brann og redning i samanheng med framtidig organisering av politi - og ambulansetenesta. Totalt sett må ein ivareta kravet om tilfredsstillande tenester med nærleik til innbyggjarar, trafikantar og andre.
5. I det tilfelle at regjeringa vil følgje opp føreliggjande Brannstudie gjev fylkesutvalet fylkesordføraren fullmakt til å vere med på ei høyringsfråsegn saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og KS Sogn og Fjordane.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.
Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner brann- og redningstenesta framleis skal vere ei kommunal teneste, og kommunane sine uttalar må tilleggast avgjerande vekt i det vidare arbeidet med Brannstudien.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt prinsipielle syn er at regjeringa bør vurdere organiseringa av brann- og redningstenesta som ein del av arbeidet med ei ev. kommunereform.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid; prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Det er også i for liten grad tatt omsyn til korleis ein skal halde oppe og vidareutvikle det gode samarbeidet med frivillige. Hendingar den siste tida har vist at i eit spreiddbygd samfunn, så er samarbeidet med lokale og frivillige avgjerande.
4. Det må leggjast til rette for god samhandling med andre nødetatar og alle bør ha fast responstid. I dag kjem brann- og redningstenesta ofte først til staden i samband med trafikkulukker og andre hendingar, dette vert opplevd som svært krevjande. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner difor at det heilt nødvendig å sjå brann og redning i samheng med framtidig organisering av politi - og ambulansetenesta. Totalt sett må ein ivareta kravet om tilfredsstillande tenester med nærleik til innbyggjarar, trafikantar og andre.
5. I det tilfelle at regjeringa vil følgje opp føreliggjande Brannstudie gjev fylkesutvalet fylkesordføraren fullmakt til å vere med på ei høyringsfråsegn saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og KS Sogn og Fjordane.

SAK 5/14

F1 Holding AS - Handsaming av førespurnad om styremedlem kan tre frå verv som styremedlem

Saksførelegget i saka med vedlegg er ikkje offentleg jfr OfI § 23, 4. ledd, eigardokument

VEDTAK:

1. Fylgjande vert peika ut som fylkeskommunale representantar i styret i F1 Holding AS for resten av valperioden 2011-2015:
 1. Nils Gjerland
 2. Alfred Bjørlo
2. Fylkesutvalet ber styreleiar i F1 Holding AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling dersom styremedlemmane trer frå sine verv før ordinær generalforsamling er gjennomført.
3. Notat av 21.01.2014 frå Wiersholm vert sendt ut til neste møte som skriv og melding

SAK 6/14

Sal av allmennfagbygget ved Sogndal vidaregåande skule

Ikkje offentleg OfI § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning

VEDTAK:

Vedtaket er ikkje offentleg jfr OfI § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning

